

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 28. september

Frå: Fylkesrådmannen

Fylkeskommunen si dokumenthandtering i Fjord1-saka

Fylkesrådmannen vil i dette notatet orientere fylkesutvalet om kva som er gjort så langt med tanke på offentleggjering av dokument i Fjord1-saka, og kva vi tenkjer å gjere vidare. Dette er i samsvar med det som er opplyst i den vedlagde pressemeldinga, som m.a. FU mottok 9. september.

1 Kva som er gjort:

I møte 27.02.14, sak 18/14, sette fylkesutvalet fylkeskommunen sin eigarposisjon i Fjord1 AS på nytt på dagsorden ved å be fylkesrådmannen «om å få oppdatert delar av det grunnlaget som ligg i FT-sak 42/11». Rundt 21 månader seinare, 23.11.15, i sak 46/15, gjorde fylkestinget vedtak om sal av aksjane i fylkeskommunen sitt holdingselskap, F1 Holding AS, til Torghatten ASA.

Frå seinvinteren 2014 og fram til månadsskiftet november/desember 2015 hadde fylkeskommunen journalført ca. 215 journalpostar i samband med fylkeskommunen sin eigarskap i Fjord1 AS¹. Godt over halvparten var skjerna mot innsyn etter reglane i offentleglova. Mange av journalpostane inneheld fleire dokument.

I fjernmøte 27.11.15, sak 143/15, gjorde fylkesutvalet slikt vedtak (pkt. 4):

«Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gå gjennom alle presentasjonar og dokument i saka om Fjord1-salet som vart lagt fram unntatt offentlegheit eller stempla fortruleg i fylkesutvalet og fylkestinget, for snarast mogleg å opne så mykje som mulig av innhaldet i dokumenta og presentasjonane for offentlig innsyn. Dette ut frå at offentleglova gir høve til å unnta særleg sensitive opplysingar frå offentlig innsyn, men ikkje heile dokument og presentasjonar.»

I månadsskiftet november/desember mottok fylkesrådmannen dessutan ei rekkje konkrete innsynskrav i Fjord1-saka, både frå lokale og nasjonale medium. Nokre medium bad om innsyn i alle dokumenta i saka.

Fram til medio august 2016² hadde fylkesrådmannen to juristårsverk til rådvelde. I underkant av eitt av desse årsverka vart hausten 2015 og vinteren 2016 brukt til å handtere innkomne innsynskrav, hovudsakleg frå éin privatperson. Fylkesutvalet er orientert om dette tidlegare. Ressurssituasjonen gjorde at fylkesrådmannen ikkje såg det som mogleg at fylkeskommunen skulle handtere den betydelege mengda med innsynskrav i Fjord1-saka, og etterkome fylkesutvalet sitt vedtak om avskjerming, utan å nytte ekstern bistand.

Forvaltninga skal handsame innkomne innsynskrav «utan ugrunna opphald», som det heiter i offentleglova § 29 første avsnitt. Fylkesrådmannen måtte difor engasjere juridisk bistand som kunne gjere dei naudsynte vurderingane raskt og sjølvstøtt med tilstrekkeleg høg kvalitet.

¹ Talet journalpostar har no kome opp i ca. 425.

² Det er no tre juristårsverk i fylkeskommunen. Av dei er eitt mellombels.

Advokatfirmaet Wiersholm AS hadde – og har – både inngående bakgrunnskunnskap om saka og rett kompetanse til å kunne vurdere innsynskrava effektivt. Dessutan hadde firmaet ressursar til å kunne starte arbeidet umiddelbart. Fylkesrådmannen inngjekk difor 03.12.15 ein avtale med Wiersholm om bistand knytta til innsynskrava.³

Så langt har Wiersholm bistått fylkeskommunen med avskjerming av Fjord1-dokument i tre rundar; desember 2015, august 2016 og no i september 2016. Fylkeskommunen er hittil fakturert for kr 100 000,-, eks. mva. Dette beløpet refererer seg til bistanden Wiersholm utførte i desember i fjor.

Avskjermingsarbeidet i desember 2015 retta seg mot diverse notat frå Wiersholm som fylkesrådmannen hadde lagt fram for fylkesutvalet, og presentasjonar Wiersholm/DHT hadde halde for fylkesutvalet og fylkestinget. I tillegg bad fylkesrådmannen Wiersholm vurdere dokument fylkeskommunen hadde motteke frå andre aktørar i tidsrommet medio oktober 2015 til desember same år. Arbeidet vart elles forsøkt tilpassa fylkesutvalet sitt vedtak i sak 143/15, jf. over.

Etter at fylkesrådmannen hadde vurdert og godkjend avskjerminga Wiersholm gjorde framlegg om, vart dei aktuelle dokumenta lagt ut, delvis sladda, på fylkeskommunen si heimeside i desember 2015 og januar 2016.

I august 2016 bad fylkesrådmannen Wiersholm vurdere avskjerming av korrespondansen med Konkurransetilsynet. Ei rekkje dokument vart 24. august – etter fylkesrådmannen si vurdering og godkjenning – lagt ut på heimesida.

2 Kva gjer vi no?

På bakgrunn av at salsprosessen no er komen inn i ei ny fase har fylkesrådmannen gjort ein ny gjennomgang av sentrale dokument i saka.

Skjerminga av dokumenta mot innsyn har til no hatt bakgrunn i følgjande forhold:

1. Konkurransesensitiv informasjon om Fjord1 AS er underlagd teieplikt.
2. Konkurransesensitiv informasjon om Torghatten ASA er underlagd teieplikt.
3. Konfidensialitetsforpliktingane overfor andre bodgivarar har utløyst teieplikt.
4. Konfidensialitetsforpliktingane overfor Torghatten ASA i samsvar med avtaleverket mellom Torghatten ASA og fylkeskommunen har utløyst teieplikt.
5. Rådgiving frå Wiersholm og DHT til fylkeskommunen som av strategiske omsyn i samband med salsprosessen ikkje burde gjerast offentleg kjend har vore unnateke innsyn etter offentleglova § 23, 1. og 4. ledd.

Forholda som er nemnde i pkt. 1, 2 og 3 ligg fast. Det vil ikkje bli avskjerma informasjon av denne typen. *Når det gjeld pkt. 4, har fylkesrådmannen innhenta eit generelt samtykke frå Torghatten ASA til at delar av avtaleverket⁴ med fylkeskommunen og nye delar av korrespondansen med Konkurransetilsynet kan offentleggjerast. Torghatten ASA vil likevel måtte godkjenne dei konkrete avskjermingane vi legg opp til.*

I lys av at prosessen overfor Torghatten ASA no er avslutta vil også mykje av rådgivinga som er nemnd i pkt. 5, kunne avskjermast. Dette gjeld både råd fylkeskommunen mottok i forkant av fylkestinget sitt salsvedtak i november 2015 og råd vi mottok i samband med prosessen med Konkurransetilsynet.

29 dokument som fell inn under kategori 4 og 5 over, vert i dag lagt ut på fylkeskommunen si heimeside. Berre sju av dokumenta er delvis sladda. Fleire dokument vil bli lagt ut etterkvart.

Vedlagt dette notatet legg fylkesrådmannen pressemeldinga frå 09.09.16 og høyringsuttalen min av dags dato til Deloitte sin revisjonsrapport om «Anskaffingar av advokat- og rådgivingstenester i Fjord1-saka». Det sistnemnde dokumentet er skjerma frå innsyn inntil kontrollutvalet mottek ein endeleg versjon av revisjonsrapporten. Fylkesutvalet skal ikkje handsame høyringsuttalen, han er lagd ved utelukkande til orientering. Dette har eg gjort fordi desse to «sakene» - dokumenthandteringa og avtaleverket - til dels har vore blanda i hop i den offentlege debatten.

³ Forholdet til anskaffingsregelverket vurderer fylkesrådmannen i den vedlagde uttalen til Deloitte sin revisjonsrapport om «Anskaffingar av advokat- og rådgivingstenester i Fjord1-saka».

⁴ Aksjekjøpsavtalen og aksjonæravtalen.